



Instruks

Fair Play ansvarleg

19.02.2019

Innleiing

Fair Play står sentralt i aktiviteten i Trio Fotball. Med rotfeste i verdisett frå hovudlaget der «ærlegdom» er ein av kjerneverdiane, er det naturleg at dette har stor oppmerksamhet i fotballgruppa's aktivitet. Dette er dokumentert blant anna gjennom at Fair Play er via stor plass på vår årlege Husnes Cup med lag frå store deler av Hordaland og Rogaland.

Krav til klubbens Fair Play ansvarleg

- Ha inngående kompetanse om NFF's retningslinjer knytt til Fair Play.
- Ha god kunnskap om klubbens aktivitet, organisering, visjon, verdiar, mål og handlingsplanar.
- Ha god kunnskap om Fair Play i praksis i fotballaktivitet.
- Ha 5 stk «Kampvert» vestar og «foreldrevett kort» tilgjengeleg for alle lag i utstyrssrommet i Triohuset.

Fair Play ansvarleg sine oppgåver

- Etablere enkel rutine for å ivareta Fair Play i dagleg aktivitet i klubben.
- Overføra og implementera rutine til dei ulike laga for gjennomføring av Fair Play i praksis. Dette vil i Trio inkludera følgande (jfr også «heimekampen» i klubbhåndboka):
 - Send melding til både bortelag og dommar 2-3 dagar før kamp og ønsk velkommen til kamp.
 - Bistå bortelag med anbefaling til reiserute ved behov. Husk at dei som besøker oss reiser mykje mindre enn oss på denne strekninga.
 - Ver tidleg ute, lås opp garderober og ta høfleg i mot bortelaget.
 - Etablere «kampvert» som får vest som identifiserer denne.
 - Ta med minst 6 gode ballar inkl kampball ned til banen. Halvparten tilbys bortelaget.
 - Fair play møte mellom trenrarar og dommar før kampstart
 - Fair play helsing mellom laga før kampstart
 - Tilby ei kanne kaffi med koppar til motsatt «benk», servere laga frukt i pausen.
 - Sikre voksen oppførsel på sidelinja under kampen i forhold til både egne spelalarar, motstander og dommar. Anvende «foreldrevett kort».
 - Takka for kampen på høfleg vis og bistå med råd til heimreise ved behov (ferjeruter, vegvalg)
 - Repetere relevante aktivitetar på bortekampar.
 - Utøva Fair Play i alle kampar og på cupar, følgje gjeldande regelverk!!